

Fra: Eirik Utne
Sendt: 21. januar 2015 15:25
Til: Anne-Lise Næs Olsen
Emne: Punkt frå tenesteområde kultur til Holmemarka B9, innsending til første gongs handsaming

Hei!

Her er nokre punkt til innsendinga til 1. gongs handsaming.

- Eg ser at gangveggar/samanknytning mellom gateløpa er inne og det er veldig positivt.
- Turstiane bør som nemnd tidlegare inn på plankartet saman med løysing for midlertidig sti mot aust og innslagspunkt for denne i etterkant av utbygginga. Dei er skildra i Planskildringa under 4.7 og dette bør bli spegla av i plankartet.

Frå sjekklista:

Friluftslivs – interesser	Kjem planforslaget i konflikt med:			
	• Område av nasjonal/regional/lokal verdi for friluftslivet?		X	
	• Off. friluftsområde/friområde?		X	
	• Allmenn fri ferdsel/løyper/stiar/ "markområde"?		x	

Her er det kryssa av for nei. Planforslaget kjem i konflikt med punkt 1 og 3 viss ikkje stien på austsida får ei løysing.

Tenesteområde kultur skal i 2015 gjere ei kartlegging og verdisetting av friluftsområda i kommunen i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Stien mot Dalemarka over Orrsåta og dei områda den går gjennom vil bli vurdert i den kartlegginga. Området Orrsåta/Holsberget er eit godt brukt *markområde* med mykje ferdsel.

- I punkt 5.2 kulturminne er innvendinga frå kultur på formuleringa om *ønskjeleg* bevaring av steingardar tatt omsyn til. Vi føreset at høge skjeringar ikkje gir situasjonar i etterkant der steingardar kan komme til å utgjere ein sikkerheitsrisiko.
- Når det gjeld stadnamn går dette til offentleg informasjon i februar med påfølgjande politisk handsaming. Stadnamntenesta for Vestlandet har tilrådd *Øvre Holsbergstien*.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne
Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089
E-post: eirik.utne@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)